



Møte i skulemiljøutvalet 04 - 24-25

Dato: 08.05.2025 09:00

Deltakere: Agnes Noraberg Pettersen; Guro Storhaug; Ida Betten Kleve; Ilse Kornelia Hoomoedt; Kjetil Kiland Haakenstad; Siv Reidun Eide; Stig Kolbjørnsen; Torjus Mondal Ljostad; Touka Mohamad Saleh-Alabed

Fraværende: Danylo Lutsyk; Hildegunn Håland; Knut Magne Momrak; Microsoft 365 Backup; Per Gjermund Løvold Askje; Sverre Skogen

1. Godkjenning av innkalling, - referat frå sist møte

Oppsummering

Stig Kolbjørnsen vart ynskt velkommen som ny referentant for det politiske miljøet i SU. Stig er leiar for hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse.

Referatet vart gjennomgått.

Saka om volleyballturnering skal drøftast i elevrådsstyret 19. mai, og elevrådsmøte etter det.

Beslutning

Tatt til orientering. Elles så understreka SU på nytt kor viktig innspelet om at karakterar er motiverande og at det er ynskje om meir framovermeldingar.

2. Statusrapport

Kategori: Informasjon

Beskrivelse

Rektor informerer om kva som er gjort sidan sist, stoda på skulen og i fylkeskommunen, og plan for skulen sitt arbeid/utviklingsarbeid framover.

Kva skjer utover våren

Oppsummering

Økonomien til Telemark fylkeskommune er noko lågare enn tidlegare, og ein skal spare bort i mot 130 millionar kroner. Vår skule må også spare, og det er tatt mange grep.

Me er bedne om å spare ytterlegare, og då må me vurdere vikarbruk meir nøye, og ikkje setje inn vikar der ein veit at elevane kan jobbe på eiga hand. Undervisning der det er heilt nødvendig at det er ein vaksen til stades får framleis vikar. Skulen sparar også på å ikkje lyse ut vikariat som har kome på i det siste. Det er viktig at elevane seier frå om dei opplever å ikkje få den opplæringa dei har krav på.

Eit innsparingstiltak er å melde skulen ut av Elevorganisasjonen. Dette er ei sak elevrådet skal drøfte. Styremøte 19. mai og elevrådsmøte etter det.

Høge søkjartal (ca 30% auke) gjer at me kan få utfordringar med romkapasitet - særskilt gjeld dette

verkstader. Me er i prosess med å finne løysingar. SU bekymrar seg for at det kan bli for trangt. Vidare kjem me til å måtte ta i bruk mediateket som klasserom frå hausten. Fleire elevar vil bety noko meir finansiering, men me vil samstundes få to nye klassar som vil krevje meir lærarar, og BUA/HEA vil bli samanslått, noko som gjev mindre finansiering til dette tilbodet. Her må vi til med tiltak som å bruke meir tid ute i praksis, og å slå saman meir både i fellesfag og programfag.

Heile personalet skal i gang med eit prosjekt kalla "Kompetanseløftet for inkluderande praksis (KIP)". Her har ein kartlagt kva vi er gode på og kva vi kan bli betre på, og skal bruke tid på desse emna. Elevane sine innspel kring vurdering for læring er viktige innspel å ta med når vi skal lage plan for dette.

Beslutning

Tatt til orientering, og innspel frå elevane om å setje auka fokus på god undervegsvurdering og framovermeldingar vert tatt med i plan for KIP.

3. Årshjul for aktivitetar i kantina

Kategori: Forslag

Beskrivelse

Rektor presenterer kva ein tenkjer seg kring aktivitet i fellesareala/kantina.
Har utvalet innspel til denne planen?

Oppsummering

Dei aktivitetane me har gjennomført og intensjonane for neste skuleår vart gjennomgått. "Sex, drugs & rock`roll" vart etterlyst, og rektor informerte i grove trekk om planen for temaveka for hausten. Hovudattraksjon er foredrag frå Fenriken, og det er mogleg me får eit videoinnslag frå Else Kåss Furuset. Tema ungdom og psykisk og fysisk helse, omsorg og trafikktryggleik. Innspel om at tre dagar kan vel ikkje kallast for veke. Her synta rektor til at det var varierende tilbakemeldingar om at det vart litt langdrygt sist. No ynskjer ein å komprimere det meir.

SU ynskjer meir annonsering av menyen i kantina på Teams, ikkje berre infoskjermen.

SU har ikkje så mykje meir av innspel til aktivitetar (pr no). Elevane synest det er god å ha den pausen, så me må ikkje oppta tida for mykje til aktivitetar heller.

Beslutning

Orientert om plan, og ikkje så mykje innspel til meir aktivitetar frå elevane.

4. Kurs og informasjon for elevar på hausten

Kategori: Forslag

Beskrivelse

Rektor informerer om kva planar ein jobbar med for at elevar skal få god informasjon og naudsynste kurs når ein startar på hausten.
Har SU innspel til dette og ev andre gode forslag?

Oppsummering

Rektor informerte om at vi ynskjer å gjennomføre kurs i starten av skuleåret i grunnleggjande digital kompetanse, men at vi samstundes prøver å få tilrettelagt elev-PC-ane best mogleg slik at noko av det allereie kan vere klart. Dette handlar særskilt om å tilrettelegge slik at alle elevar har ei godt synleg mappe til skuledokument, og kan konsentrere seg om kurs i god namnsetting og lagring. Vidare er det ynskje om å få fjerna MSN-sia som kjem opp kvar gong ei startar ei ny nettside. Slike sider forstyrrar tankegang og konsentrasjon, og tar av tid som skal brukast til læring viss ein klikkar seg vidare frå lekkjer der. Ei heilt rein side er best.

Innspel frå elevane er mellom anna at:

FSE-kurs må også ha meir praksis i førstehjelp. Kanskje kan HO halde kurs? Kanskje mest viktig for VG1 EL, men elevane meiner at dette emnet også med fordel kan kursast i for alle elevar Dei har hatt slik opplæring i grunnskulen, og saknar dette på vidaregåande.

Andre aktuelle emne for opplæring i starten av skuleåret er korleis ein skal handsame utstyr generelt (og digitalt). I samband med dette vart bruken av shufflebordet nemnt som døme på god handsaming av utstyr (sidan det vart gjort hærverk på dette i starten av skuleåret.) Elevrådet vil gjerne handsame saka om shuffleboardet på nytt.

Viktig med god informasjon om at ein kan få snøskuterkurs og maskinførarkurs - og i god tid.

I samband med kva elevane har behov for av kunnskap når dei startar eit skuleår så presiserer elevane igjen at det viktigaste er gode undervegsvurderingar - minst ein samtale med lærar/utviklingssamtale. Helst etter kvar prøve/vurdering. Munnleg er best, men bra med skriftleg også. Konstruktiv kritikk løfter ein.

Beslutning

Nye innspel frå elevane er kurs i førstehjelp og korleis handsame utstyr på ein god måte (både digitalt og anna) . Vidare at for elevane betyr gode undervegsvurderingar aller mest.

5. Arbeidet i SU og råd for neste skuleår

Kategori: Instilling/råd

Beskrivelse

Kva har SU gjort dette året?

Kva bør me gjere for å få eit endå betre SU til hausten?

Oppsummering

Elevane får skryt for godt arbeid.

Stig Kolbjørnsen hadde spørsmål til elevane på tre område; russefeiring og inkludering, mobilforbod og fråværsreglar. Fråværsreglane kom me ikkje inn på, men i høve russefeiring så gir elevane sjølve tilbakemelding om at ein har god inkludering av russen hos oss. dei er ei gruppe, og der får alle delta. Dei som ikkje ynskjer å vere med får sjølv sagt velje det.

Skulen praktiserer mobilforbod og sjølvdisiplin, og elevane meiner det fungerer bra. Kolbjørnsen konkluderer med at dette er noko han har fanga opp fungerer best rundt om på skulane også.

Vidare så få skulen skryt av Kolbjørnsen for å få til god gjennomføring, og at vår skule er med på å dra opp snittet i fylket. SU konkluderer med at det å vere ein liten skule, der ein ser alle, er ein fordel for å få til både å følgje opp den einskilde elev på ein god måte og dermed også bidra til fullført og bestått. I høve tildelte ekstramidlar til skulane for å auke fullført og bestått, så fortalte rektor at det er sett opp nokre få ekstra tiltak for å nå dette målet, men at me elles allereie over fleire år har sett i verk gode tiltak som me gjennomfører for å få dette til. Dessutan er det vanskeleg å planlegge tiltak allereie no. Det er til hausten at me kartlegg dei nye elevane, og då ser me kor skoen trykkjer hos den einskilde. Det er viktig å sjå den enkelte elev sine behov, for deretter å setje inn målretta tiltak. Me må derfor kunne spare nokon av tiltaka til

me ser kor behovet er størst. Det er det mest effektive.

For å få til godt SU neste år så meiner elevane det er viktig å informere godt om kva SU er og kva vi står for. Gjerne i talen til rektor når vi startar. Rektor nemner at dette faktisk var del av talen i fjor, så då må det nok meir til. På sparket inviterte vi Stig til å komme første skuledag. På dette viset kan vi stå samla og bruke litt meir tyngde på dette punktet. Elevane er tydelege på at elevane si stemme kan vege vel så mykje, så her har vi dermed lagt ein plan om at Ilse, Guro og Ida blir med på laget, og at vi saman legg ein plan før ferien for korleis vi saman skal snakke om SU i ein felles del av talen første skuledag.

Rektor takka for godt samarbeid dette skuleåret.